

mai 2012



# Ein oljesmurt arbeidsmarknad

# Innhald

- 3 **Leiar** Næringslivets Janusansikt
- 4 **Samla vurdering** Optimisme på retur?
- 6 **Norsk og internasjonal økonomi** Framleis tru på vekst
- 8 **Arbeidsmarknaden** Positiv ,men avventande haldning
- 10 **Utsikter for 2012** Mot ein todelt økonomi
- 15 **Arbeidskraft og rekrytering** Stilling ledig: kvalifisert personell
- 18 **Arbeidsinnvandring** Innvandring skapar vekst
- 20 **Lærlingar** Lære plassar sikrar rekryteringa
- 22 **Eksport** Olja splittar eksportnæringa
- 24 **Regionalt utsyn** Nordhordland må tenkje nytt
- 26 Datagrunnlag og kjelder



## Næringsbarometeret tek pulsen på næringslivet

Næringsbarometeret for mai 2012 byggjer på data frå ei landsomfattande spørjeundersøking som vart gjennomført av NAV i mars 2012 retta mot verksemder innafor alle næringsområde. I Hordaland vart undersøkinga sendt til i alt 1311 verksemder. Næringsbarometeret byggjer i tillegg på relevant statistikk og intervju.

### Partnerane bak Næringsbarometeret

Innovasjon Norge Hordaland

NAV Hordaland

NHO Hordaland

Hordaland fylkeskommune

### Ansvarlege utgjevarar

Partnerane bak Næringsbarometeret

Anne-Lise Lygre, NAV Hordaland

Mette Nora Sætre, Hordaland Fylkeskommune

Tom Knudsen, NHO Hordaland

Nina Broch Mathisen, Innovasjon Norge

### Næringsbarometeret er utarbeidd

i samarbeid mellom utgjevarane og  
**ideas2evidence** ved prosjektleiar Malin Dahle og  
prosjektmedarbeidarane Jostein Ryssevik,  
Jan Erik Grindheim og Turid Vaage.  
[www.ideas2evidence.com](http://www.ideas2evidence.com)

**Design/layout og foto:** Anne Jorun Sæten Design [www.ajsdesign.no](http://www.ajsdesign.no)

**Språkkonsulent:** SpeakLab ved Renate Nedregård [www.speaklab.no](http://www.speaklab.no)

### Redaksjon:

Anne-Lise Lygre, NAV Hordaland

Mette Nora Sætre, Hordaland Fylkeskommune

Tom Knudsen, NHO Hordaland

Nina Broch Mathisen, Innovasjon Norge

# Næringslivets Janusansikt

I itala frå undersøkinga i år ser vi eit markant fall i den samla forventingsindeksen. Dermed verkar det som at krisa i Europa også har nådd optimistiske Hordaland. Sjølv om det totalt sett er nedgang i optimismen er det verdt å merke seg at blant verksemndene er biletet mykje meir nyansert enn som så.

## Påverka av Europa

I denne utgåva av Næringsbarometret set vi sokjelys på korleis vi blir påverka av Europa både når det gjeld eksport, tøffare konkurranse, rekruttering og svært varierande grad av optimismen blant verksemndene i Hordaland.

Verksemder knytt til olje- og gassnæringa er framleis optimistiske og har tru på at dei skal rekruttere nye arbeidstakarar. Verksemder som ikkje har oljeretta omsetnad har ein svært låg samla forventingsindeks. Det er særleg eksportørar av kjemiske produkt og metall, oppdrettsnæringa og delar av verftsindustrien som slit med fallande prisar, overproduksjon og tøffare konkurranse i verdsmarknaden.

«Kompetansegapet» har vore eit sentralt tema den siste tida. Det skildrar ein situasjon der vi har arbeidsløyse, samtidig som næringar og verksemder slit med å rekruttere kvalifisert personell. Det er ikkje gjort i ei handvending å få ein ufaglært kompetanseheva og sett inn i arbeid som ingeniør. Og samtidig har vi tru på at det er positivt om verksemndene får fatt på høgt kvalifisert personell - alt tyder på at dette igjen fører til auka etterspørsel etter personell med lågare utdanning.

## Korleis skal vi tette kompetansegapet?

Verksemndene vil nok rekruttere frå utlandet. NAV Eures gjer ein viktig jobb med å finne personar med høg kompetanse til mellom anna bygg- og anleggsnæringa og industrien.

Nokre verksemder vil tilsette personell med lågare eller anna kompetanse, mens ein auke i talet på lærlingplassar også kan bidra til å løyse litt av rekrutteringskabalen. Eg trur også vi må ha fokus på å få ned sjukefråvær og å auke andelen som vel å arbeide ut over pensjonsalder. Kan vi hindre tidleg avgang i bransjar med behov for arbeidskraft kan det medverke til å tette gapet.

Janusansiktet står for det som er splitta, todelt og kan sjåast på fleire måtar, både positivt og negativt. Det er eit godt bilet på næringslivet i Hordaland.

Anne Kverneland Bogsnes  
Fylkesdirektør NAV Hordaland



Anne Kverneland Bogsnes





## Optimisme på retur?

Arbeidsløysa fell og aktiviteten i oljenæringa er historisk høg. Likevel ser verksemndene i Hordaland mindre lyst på framtida i dag enn dei gjorde for eit år sidan. Særleg eksportverksemndene er uroa.

### Gode tider

Det er gode tider for økonomien i Hordaland. Arbeidsløysa har falle med 14 prosent sidan april i fjor og ligg no på 2,1 prosent. 6 000 fleire har vorte sysselsette, i følgje SSB sine Arbeidskraftsundersøkingar. Dette er ein vekst godt over landsgjennomsnittet. Mykje av trekrafta bak den positive utviklinga kjem frå oljenæringa. Med eit historisk høgt leite- og investeringsnivå er det gode tider for leverandørindustrien og alle andre som er knytt til den oljesmurte delen av økonomien. Eit uvanleg høgt aktivitetsnivå for byggje- og anleggsbransjen bidreg også til å setje fart i økonomien.

### Forventingane fell

Med eit slikt utgangspunkt er det kanskje overraskande at aktørane i næringslivet viser svakare tru på den nærmeste framtida enn dei gjorde for eit år sidan. Den samla forventningsindeksen fell frå 20 til 13 poeng

for alle næringar sett under eitt. Dermed er den positive trenden frå dei to siste åra borte.

Likevel er alle dei fire indikatorane som inngår i utrekninga framleis på den positive sida. Det er fleire som ventar vekst enn nedgang. Om lag kvar tredje verksemd ventar auke i omsetnaden i 2012, og kvar fjerde ser for seg at lønsemada skal bli betre. Kvar fjerde verksemd vil auke talet på tilsette, medan kvar tiande vil kutte ned. Svakast er tala for investeringar. Her er det tilnærma balanse mellom dei som ventar vekst og dei som ventar reduksjon. Dette tyder på ei noko avventande haldning til kva den nærmaste framtida vil bringe.

Dess større del av omsetnaden som kjem frå oljerelatert verksemd, dess lysare er framtidsutsiktene.

### Aukande kontrastar

Trua på framtida er først og fremst bestemt av kor tett selskapa er knytt til oljenæringa. Dette delar økonomien i fylket i to. Dess større del av omsetnaden som kjem frå oljerelatert verksemd, dess lysare er framtidsutsiktene. Medan selskap som har meir enn

halvparten av omsetnaden frå oljerelatert verksemd har ein samla forventingsindeks på 44, er den tilsvarande indeksen for dei som ikkje har oljeretta omsetnad i det heile, berre 11. Den første gruppa har vorte endå meir optimistiske det siste året, medan uroa er veksande i den siste gruppa. Hordaland har ein stor leverandørindustri som nyt godt av den høge investeringstakta i den norske oljenæringa.

### Tøffare tider for eksportnæringane

Den oljeretta eksporten er i ei særstilling. Andre delar av eksportnæringane har langt tøffare tider. Det er særleg eksportørar av tradisjonelle innsatsvarer som kjemiske produkt og metall som slit med fallande prisar og overproduksjon i verdsmarknaden. Det same gjer oppdrettsnæringa, der eksportvolumet er på eit historisk toppnivå, men prisane er for låge til å gi rekingssvarende drift. Også delar av verftsindustrien har gitt signal om reduserte ordrereservar og tøffare konkurranse frå utanlandske verft. Mellom andre har Bergen Group sendt ut permitteringsvarsel for delar av staben ved BMV på Laksevåg, og varslar samtidig at dei ikkje har nye ordrar på nybygg. Samla sett fell forventingsindeksen for eksportverksemder utan petroleumsretta omsetnad frå 28 til 5 poeng.


### Kamp om kompetansen

Det er likevel grunn til å tru at det vil bli kamp om kompetansen òg i månadene framover. Arbeidsmarknaden er uvanleg stram og fleire bransjar klarar ikkje å rekruttere arbeidstakarane dei har bruk for. I følgje NAV er tilgangen på ledige stillingar nær det nivået ein såg i april i fjar. I Bedriftsundersøkinga oppgir omlag 18 prosent av verksemduene at dei har freista å rekruttere nye medarbeidarar dei siste tre månadene utan å lukkast. Det er særleg innanfor bygg og anlegg og forretningsmessig tenesteyting at det er stor mangel på arbeidskraft. Etterspurnaden etter ingeniørar på ulike nivå og fagarbeidarar er stort.

I eit fylke mest utan arbeidsløyse er tilførsel av hender utanfrå ein nærliggjande løsing. 39 prosent av verksemduene i privat sektor i Hordaland har nytta arbeidskraft frå EØS-området i løpet av dei siste 12 månadene. Det viser ei ny undersøking frå NAV Eures. Berre Østfold ligg høgare. Bedriftsundersøkinga til Næringsbarometeret viser at rundt 12 prosent av dei private verksemduene plan-

legg å rekruttere fleire arbeidarar frå utlandet det komande året. Det er ein vekst på om lag fem prosentpoeng frå same tid i fjar.

Ein annan rekrutteringsstrategi er å leggje tilhøva til rette for ungdom som ønskjer seg ei yrkesutdanning ved å ta inn lærlingar. Om lag kvar tredje verksemd i Bedriftsundersøkinga oppgir at dei har hatt lærlingar i løpet av dei siste to åra. Både rekruttering av utanlandsk arbeidskraft og lærlingordninga er vidare utdjupa i eigne artiklar i denne utgåva av Næringsbarometeret.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemdu og investeringar. Samla indeks er gjennomsnittet av dei fire delindeksane. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Arbeidsmarknaden er uvanleg stram og fleire bransjar klarar ikkje å rekruttere arbeidstakarane dei har bruk for.



KLARE FOR EKSPORT: Boliden i Odda eksporterer 90 prosent av sinkproduksjonen. Men til no i år har det vore ein nedgang i den totale eksporten av metall frå Noreg



## Framleis tru på vekst

Moderat vekst i samla produksjon og etterspurnad kjenneteiknar norsk økonomi for tida. Investeringane aukar og arbeidsstokken veks med høg innvandring.

### Rekordhøgt handelsoverskot

Den internasjonale økonomien står overfor store utfordringar. Men dette ser ikkje ut til å verke negativt inn på norsk økonomi generelt. Utanrikshandelen med varer er rekordhøg. Berre i mars utgjorde den 88,9 milliardar kroner, medan importen var på 42,5 milliardar kroner. Dette gav det høgste handelsoverskotet for Noreg nokon sinne. Årsaka er primært særskilt høge olje- og gassprisar.

Verdien av fastlandseksporten gjekk òg opp, og var på 33,5 milliardar kroner i mars. Dette var ein oppgang på 12,4 prosent frå februar og 1,1 prosent høgare enn for eit år sidan. I første rekke kjem dette frå auka sal av malm, samt maskiner og transportmiddelet. Samstundes gjekk eksporten av fisk, metall og kjemiske produkt ned. Lågare lakseprisar førte mellom anna til at verdien av fiskeeeksporten vart 275 millionar kroner lågare enn i mars 2011.

Det siste året har den økonomiske veksten i OECD-området og dei toneangivande økonomiane i Afrika, Asia og Latin-Amerika

stogga opp eller gått ned. I euro-området ser ikkje framtida særleg lys ut - med statsgjeldskriser og private bankar i vanskar. Strammare finanspolitikk verkar negativt på veksten i Europa, medan amerikansk økonomi har betra seg noko dei siste månadene. Lågare etterspurnad globalt, kombinert med svekka konkurranseevne lokalt grunna høge lønskostnader og ei sterkt krone, vil kunne verke negativt inn på viktige bransjar innan den eksportretta industrien i Hordaland komande månader.

### God kapitaltilgang

EU arbeider for tida med å skape nye reglar for kapitaldekning for kredittinstitusjonane i den indre marknaden. Krava er retta mot ein auke i andelen eigenkapital og/eller slanka balanse. Det vil kunne føre til minsking i utlånsvolum, ikkje minst til små og mellomstore verksemder i dei europeiske landa. I følgje den offentlege utgreiinga *Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet (2011:3)* er tilgangen på kapital og den økonomiske utviklinga i

## Forsking på aktiv eigarkapital

Aktiv eigarkapital, eller private equity (PE) på engelsk, er langsiktige investeringar i verksemder med gode moglegheiter for vekst. Spesialiserte fond finn slike verksemder og bidreg med kapital og kompetanse for å utvikle dei. Norske aktive eigarfond forvalta 61 milliardar kroner til investering i verksemdsutvikling i 2011. Det seier førsteamansis Carsten Bienz frå det nyopprettet forskingssenteret Argentum Centre for Private Equity ved Norges Handelshøyskole i Bergen. Les meir om det nye forskingssenteret på <http://www.nhh.no/en/research--faculty/argentum-centre-for-private-equity.aspx>

på ein prosent frå 2011 til 2012. Særleg gjeld dette dei største byane og tettbygde strok. Det viser tal frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjøra (TBU). Spørsmålet er korleis dette vil verke inn på lønene i tida framover, om ikkje tilbodet av bustader aukar og prisane fell.

Dei høge lønene i norsk industri medverkar til å svekkje konkurranseevna for eksportretta verksemder. Den gjennomsnittlege timeløna var i 2011 om lag 54 prosent høgare enn eit handelsvekta gjennomsnitt hos Noregs handelspartnarar. Produktivitetsveksten er heller ikkje like stor som hos våre handelspartnarar. Saman med ei styrka krone gjer dette det vanskeligare for norske verksemder å hevde seg på den globale marknaden. Konkurranseevna i norsk industri har i gjennomsnitt svekka seg med 2,4 prosent kvart år dei siste åra, målt i relative timelønskostnader i felles valuta. Det syner tal frå TBU.

Noreg god. Men kapitaltilgangen kan vere noko knapp for verksemder i deira første fase.

Det er ikkje påvist store regionale skilnader i kapitaltilgangen for norske verksemder. Men ein auke på 11 prosent i investeringane i norsk petroleumsverksemd i 2011 kom ikkje minst vestlandsfylka til gode. Hordaland er det tredje største oljefylket i Noreg. 18 prosent av verksemdene i fylket seier at 1-24 prosent av verksemda deira er retta mot olje- og gasssektoren. For seks prosent av verksemdene er dette talet 25-49 prosent, medan 12 prosent av verksemdene seier at meir enn halvparten av det dei produserer er olje- og gassrelatert.


## Innvandring skapar vekst

Investeringane i fastlandsnæringane auka òg mot slutten av 2011. Statistisk sentralbyrå har tru på fortsatt vekst i åra framover, om enn med vekstratar noko lågare enn førre konjunkturoppgang. Norsk økonomi er inne i ein periode med moderat vekst i samla produksjon og etterspurnad. Arbeidsstokken veks, i første rekke fordi innvandringa til Noreg er høg, og med auka sysselsetting veks etterspurnaden. Etterspurnaden blir òg stimulert av ein auke i dei offentlege overføringane til hushalda.

Konsekvensane er auka prisar og løner. Bustadsprisene stig langt meir enn veksten i konsumprisindeksen, som truleg berre blir

## Skjerpa lånevilkår

I Næringsbarometeret i januar skreiv vi at bankane hadde skjerpa sin kreditpraksis i løpet av siste kvartal i fjor. Denne praksisen har vore om lag uendra i 1. kvartal i år, med unntak av utlån til næringseigedom. Det syner den nye utlånsundersøkinga til Norges Bank. Faktorar som auka krav til eigenkapital, auka gebyr samt redusert maksimal nedbetalingstid tyder likevel på at vilkåra for utlån til føretak har vorte noko strammare. For 2. kvartal ventar bankane uendra kreditpraksis, men ytterlegare innstrammingar for næringseigedom.





## Positiv, men avventande haldning

Arbeidsløysa i Hordaland er så langt i år redusert med 14,6 prosent og talet på tilmeldte stillingar har gått ned med fem prosent. Det er fortsatt høg etterspurnad etter fagarbeidalar og ingeniørar, og kompetansegapet er ei viktig utfordring.

### Utviklinga i talet på arbeidslause

Ved utgangen av april 2012 var 5 482 personer heilt utan arbeid i Hordaland, dette utgjer 2,1 prosent av arbeidsstyrken. Voss/Hardanger har over tid hatt lågast arbeidsløysa i Hordaland. I Sunnhordland har arbeidsløysa for heilt ledige derimot auka svakt i løpet av året, og det er her ein har hatt storparten av dei permitterte.

Langtidsarbeidsløysa i fylket er redusert med 25,5 prosent. Arbeidsløysa i ungdomsgruppa under 25 år er redusert med 13,5 prosent. Nedgangen er også betydeleg for personar med innvandrarbakgrunn. Størst nedgang er det blant personar med vidaregåande utdanning, både med og utan fullført kompetanse.

Arbeidsløysa er no jamnare mellom kjønna, tidlegare var det relativt større arbeidsløyse blant menn. Dette hengjer saman med at det går betre i typisk manns-

dominerte yrke.

Nedgangen i arbeidsløysa er størst blant personar med bakgrunn frå bygg- og anleggsnæringa, og i tillegg har arbeidsløysa blant personar med ingeniør/ IKT-bakgrunn gått kraftig tilbake. Andelen permitterte viser òg ein tilbakegang med 27,2 prosent så langt i år.

### Stillingstilgangen

Så langt i år har det vore ein samla reduksjon i stillingstilgangen på fem prosent samanlikna med same periode i fjar. Næringsane med størst tilbakegang er bygg- og anlegg, reiseliv og transport og butikk og salsarbeid. Likevel er etterspurnaden etter fagarbeidalar og ingeniørar frå bygg- og anleggsnæringa og industrien fortsatt høg, og mange verksemder har problem med å få tak i nok folk. Talet på stillingar innan kontoryrke, barne- og ungdomsarbeid og

akademiske yrke har auka mest så langt i år.

Situasjonen for mange arbeidssøkjarar hos NAV er manglende formalkompetanse i kombinasjon med liten/smal realkompetanse. Hordaland har dei siste åra busett eit høgt tal flyktningar, og i denne gruppa er det mange utan formell kompetanse. I tillegg er svake norskunnskapar og manglende nettverk i arbeidslivet eit stort hinder for å kome inn på arbeidsmarknaden. Dei to sistnemte forholda gjeld også for flyktningar med høgare utdanning. NAV registrerer også ein tendens til auka konkurransen frå arbeidsinnvandrarar frå EØS-området om ufaglærte stillingar.

### Vidare utvikling


Bergksemde ser mindre lyst på framtida i dag enn dei gjorde for eit år sidan, og dette vil påverke behovet for å rekruttere arbeidskraft.

I næringar med rekrutteringsbehov, og der dei ikkje får tak i kompetent arbeidskraft, vil dei løyse det dels ved å tilsette personell med lågare eller ein annan kompetanse, dels ved å rekruttere frå utlandet. Å få ned eit høgt sjukefråvær og hindre tidleg avgang i bransjar med behov for arbeidskraft vil vere eit viktig supplement til å rekruttere arbeidskraft.

I dag er nærmere ein femtedel av arbeidsstyrken til ei kvar tid ikkje i fullt arbeid. Personar med funksjonshemmning møter store utfordringar når dei skal ut i arbeidslivet. Arbeidet med delmål 2 i IA-avtalen og Jobbstrategien (ein overordna strategi frå Regjeringa for å få fleire med nedsett funksjonsevne inn i arbeidslivet, samt forslag til konkrete tiltak for 2012) vil kunne tilføre verksemde store ressursar. I 2012 vert innsatsen særleg retta inn mot personar under 30 år som har behov for arbeidsretta bistand i overgangen mellom utdanning og arbeid.


*Artikkelen er utarbeidd for Næringsbarometeret av NAV*


**Figur 1: Arbeidsledige og deltakarar på arbeidsmarknadstiltak i fylka, i prosent av arbeidsstyrken. April 2012. Kjelde: NAV**



**Tabell 1: Utvikling i Bergen og dei einskilde tenesteområda hittil i 2012**

|                   | Ledige april 2012 | Endring i prosent | Prosent ledige av arbeidsstyrken |
|-------------------|-------------------|-------------------|----------------------------------|
| Bergen            | 2962              | -19 %             | 2,1 %                            |
| Sunnhordland      | 764               | +7 %              | 2,6 %                            |
| Voss og Hardanger | 376               | -7 %              | 1,8 %                            |
| Midhordland       | 294               | -9 %              | 2,0 %                            |
| Region Vest       | 673               | -10 %             | 2,2 %                            |
| Nordhordland      | 412               | -21 %             | 2,0 %                            |





utsikter for 2012

TRADISJONSRIK STRIKK: Dale of Norway har lukkast i å behalde strikkeproduksjonen i Dale, trass i høgt norsk kostnadsnivå.



## Mot ein todelt økonomi

Skilnadene aukar i økonomien i Hordaland. Det er gode tider for verksemder knytt til olje- og gassnæringa. Men i andre næringar er utsiktene mindre lyse enn for eit år sidan. Det er tydeleg at vi er på veg mot ein todelt økonomi.

### Olja avgjer

- Vi merkar lite til krisa i Europa, seier dagleg leiar i Sea-Hawk AS til Næringsbarometeret. Sea-Hawk utviklar og sel høgteknologiske radarsystem som blir nytta i oljeindustrien både i Noreg og internasjonalt. Selskapet er eit av dei som nyt godt av det høge aktivitetsnivået i oljeutvinninga til havs. Typisk for desse verksemdene er at dei har utvikla teknologi og kompetanse til bruk på den norske kontinentalsokkelen. Dette har gjort dei interessante og etterspurde også i den globale marknaden.

Men i andre eksportbransjar er dei langt mindre optimistiske. Dei tradisjonelle bransjane som metallindustri og kjemisk råvareindustri slit med fall i både pris og ordretilgang. Det viser SSBs siste konjunkturbarometer. Verksemdene i Hordaland ser ut til å vere blant dei som er råka. Også skipsbyggingsindustrien er inne i ein periode med tynnare ordrebøker og permitteeringar ved fleire verft.

Det er nettopp i eksportverksemdene at olja skapar den største skilnaden. Dei største optimistane finn vi blant verksemder med petroleumsretta omsetnad, om vi ser på den samla forventingsindeksen. For

verksemdene med petroleumsretta omsetnad som er orienterte mot heimemarknaden, ligg den samla forventingsindeksen på heile 40. For dei eksportretta er verdien 35. I begge desse gruppene er òg trua på framtida markert høgare i 2012 enn for eit år sidan.

Utviklinga har gått motsett veg for verksemder utan petroleumsretta omsetnad. Særleg blant eksportverksemdene i denne gruppa er det eit markert fall i optimismen. Den samla

forventingsindeksen i 2011 var på 28, i 2012 ligg den på 5. Todelinga av økonomien såg vi også konturane av i

Næringsbarometeret for januar. Men den har vorte endå tydelegare i løpet av dei første månadene av 2012.

Men biletet er langt frå heilsvart hos eksportverksemder utanfor oljeøkonomien. Framleis ventar fleire vekst enn tilbakegang. Det ser vi ved at den samla indeksen framleis er på den positive sida. Det er først og fremst forventingane til lønsemrd og investeringstakt som trekkjer i negativ retning. Utsiktene når det gjeld omsetnad og talet på tilsette ligg derimot trygt på den positive sida. (Fig. 1)


## Store sprik

Det er til dels store variasjonar mellom dei ulike næringane i Hordaland. Sterkast tru på 2012 finn vi i olje- og energinæringa, innanfor finansiell- og forretningsmessig tenesteyting og i bygge- og anleggsnæringa. Innafor alle desse næringsområda ser aktørane jamt over lysare på framtidsutsiktene no enn for eit år sidan.


I alle dei andre næringane har utviklinga gått i motsett lei. Det er særleg industriverksemder og verksemder innan personleg tenesteyting som har vorte merkbart mindre optimistiske i løpet av det siste året. For begge desse gruppene fell den samla forventingsindeksen med rundt 16 poeng. Den største reduksjonen i trua på den nærmeste framtida finn vi likevel i primærnæringane. Der fell den samla indeksen med heile 24 poeng. Dette er også den einaste næringssgruppa med ein negativ forventingsindeks i 2012. (Fig. 2, Fig. 3)

## Byggjer i høgt tempo

Det er tett mellom byggjekranane i fylket om dagen. Ordrane til bygge- og anleggsverksemndene i Hordaland og Sogn og Fjordane strøymer på, i følgje dei siste tala frå SSB (det finst ikkje separate tal for dei to fylka). Berre mellom 3. og 4. kvartal i 2011 vokser ordrebøkene med 18 prosent. Samanliknar vi med 4. kvartal året før, er veksten på mest 60 prosent. Dette er om lag det doble av veksten i landet sett under eitt. Til



Figur 1: Samla forventingsindeks 2011 og 2012. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks 2012 i ulike næringar. Kjelde: Bedriftsundersøkinga.



Figur 3: Endring i samla forventingsindeks frå 2011 til 2012 i ulike næringar. Kjelde: Bedriftsundersøkinga.



## Sea-Hawk Navigation AS:

### Med oljesøl og piratar på radaren

På Troll C plattforma står ein kulerund radar utvikla av selskapet Sea-Hawk Navigation AS frå Laksevåg. Radaren overvaker havoverflata og vil kunne oppdage oljesøl både tidlegare, på lengre avstand og i dårlegare vær enn tradisjonell radarteknologi.

Overvaking av oljesøl er berre eit av fleire område der den nye teknologien er teken i bruk. - Den største marknaden vår er innafor seismikk, seier administrerande direktør Owe Hagesæther. - Her er vi ein av dei største aktørane internasjonalt med seismikk-selskap frå alle verdshjørne på kundelista. Denne marknaden har opna ei ny og spanande nisje for verksemda sin radarteknologi. Mange seismikkfartøy opererer i farvatn med piratar, mellom anna utanfor Afrika og i Sør-Aust Asia. Seismikkfartøy er også ekstra utsett for åtak når dei er i arbeid. Dette fordi dei går med låg fart og med opne portar bak. Det konvensjonell radarteknologi har vanskar med å oppdage små båtar i stor fart, vil Sea-Hawk sin radar kunne åtvare mannskapet på seismikkfartøyet tidleg nok til å hindre eit åtak. - Vi driv også testprosjekt

med hamneovervaking og ferdsel og oljeutvinning i arktiske farvatn, seier Hagesæther.

Det som gjer Sea-Hawk sin teknologi spesiell, er at den sender ut puls med ulike eigenskapar. Ved å samanlikne ekkoa frå desse ulike pulsane blir det skapt bilete som er meir detaljerte og har mindre støy i dårleg vær enn annan radarteknologi. Radaren har også evne til å analysere desse signala svært raskt. Dette gir store føremónar når ein skal overvake objekt i stor fart. Signal- og prosesseringsteknologien er utvikla og patentert av gründerane som starta selskapet i 2000.

- Vi er framleis i ei oppbyggingsfase, seier Hagesæther. - Men som i alle høgteknologiske bransjar er det viktig at vi handlar raskt. Vi har nyleg fått tilført kapital frå flere lokale investorar, så målet for det nærmaste året er å få bygd opp ein sterkt teknisk organisasjon med solid internasjonal salskapasitet. Sjølv om prisen på produkta våre er høg, er vi overlegne på teknologi. Marknadsutsiktene er difor svært lovande, seier Hagesæther.

samanlikning steig ordrereservane i byggje- og anleggsnæringa i Rogaland med berre 14 prosent i den same eittårsperioden.

Veksten i Hordaland og Sogn og Fjordane er særleg sterk i anleggsbransjen (75 prosent vekst). Men også når det gjeld bygging av bustader og næringsbygg er utviklinga impone-rande (48 prosent vekst). I følgje SSB er veksten i bustadpri-

sane frå 4. kvartal 2011 til 1. kvartal 2012 i Bergen høgare enn i både Oslo, Stavanger og Trondheim. Det er eit godt incentiv for vidare vekst i bustadbygginga.

Mange av aktørane i bransjen har tru på at den positive trenden skal halde fram. Kvar fjerde verksemeld meiner at marknadsutsiktene for 2012 er betre enn i 2011. Kvar tredje verksemeld ser også for seg at lønsemada vil betrast og om lag like mange vil auke talet på tilsette. Mest ingen ventar nedgang på desse områda. Den samla forventningsindeksen for byggje- og anleggsnæringa stig då også med nærmere 8 poeng frå mai 2011. Dette er den sterkeste veksten blant alle hovudnæringane i Bedriftsundersøkinga.

### Opptur for tenesteyting

Ei anna næring med tru på framtida er finansiell- og forretningsmessig tenesteyting. Dette er ei samansett gruppe verksemder. På den eine sida finn vi her finans- og forsikringsbransjen og på den andre sida eigendomsbransjen, utleige av bilar, maskiner og personell, ulike faglege tenester og forskingsverksemeld. Det er først og

fremst i den siste gruppa at optimismen er sterkt. Mange av desse er verksemder som både nyt godt av den heite bustadmarknaden, byggjeboomen og det særskilt høge aktivitetsnivået i oljenæringa.

I finans- og forsikringsbransjen ligg den samla forventningsindeksen på 17 poeng, medan den er heile 35 poeng blant dei som driv forretningsmessig og fagleg tenesteyting. Blant dei sistnemnde verksemldene er det også ein merkbar vekst i forventingar samanlikna med for eit år sidan.

Ei av verksemldene i denne gruppa er Orange Offshore, eit serviceselskap som nyttar klatrekyndig personell til inspeksjon av oljeriggar og andre installasjonar der det er vanskeleg å kome til. Det Bergensbaserte selskapet har eit særskilt godt år bak seg med ein vekst i omsetnaden på vel 200 prosent.

- Vi ser lyst på framtida, seier strategi- og marknadssjef Asle Wingsternes. - Vi kjem kanskje til å merke at det er redusert aktivitet i verftsindustrien, men trykket offshore er minst like stort i år som i fjor.

### Sprikande signal frå industrien

Vareeksporten frå Fastlands-Noreg har aldri vore høgare enn i mars 2012, i følgje SSB. Eksportverdien vokser med over 12 prosent frå månaden før. Samanliknar vi det første kvartalet med den same perioden i 2011, er framgangen på rundt 6 prosent. Dette kjem på toppen av ein heimemarknad der etterspurenaden framleis er høg. For industrien sett under eitt ser tilhøva difor ut til å vere gode. Det er likevel store skil-

## Dale of Norway:

### Merkevare med tradisjonar

- Dale of Norway er ei uvanleg sterk og tradisjonsrik merkevare, seier administrerande direktør Øyvind Lauritzen. - Historieforteljing er difor ein viktig del av marknadsføringa vår. Lauritzen skulle vite kva han snakkar om. Han har dei siste ti åra bygd opp og leia Skigutane på Voss og har vore ei drivkraft i utviklinga av merkevara Kari Traa. I Dale har han 133 år industrihistorie å lene seg på.

Dale of Norway sine strikkeplagg, som kombinerer tradisjon og moderne design, er selt i tre ulike marknader. Heimemarknaden, som utgjer om lag ein fjerdedel av omsetnaden, er i stor grad retta mot utanlandske turistar. - Vi er også til stades på den amerikanske marknaden og har etablert ein eigen salsorganisasjon i Vermont, fortel Lauritzen. - Her kjem kundane både frå det norskamerikanske miljøet og frå skimiljøet. Det tredje marknadsområdet er Europa der vi markerer oss som ein viktig aktør innan sportsmotesegmentet.

Strikkeplagga frå Dale ligg i det øvre prissjiktet. - Vi kan ikkje konkurrere på pris, seier Lauritzen. - Til det er kostnadsnivået i Noreg for

- Slik sett er vi meir utsette for svingingar i klimaet enn i konjunkturane.



**SUKSESS MED STRIKK:** Hilde Midthjell og Øyvind Lauritzen held fast på tradisjonane i Dale.

høgt. I staden må selskapet satse på kvalitet og design. 2010 og 2011 var uvanleg gode år for selskapet, mykje takka vere verdsmeisterskapen på ski i Oslo. Så langt i år har vintersesongen vore ramma av dårlig vær i Mellom-Europa og USA. - Vi klarar neppe å gjenta suksessen frå i fjor, seier Lauritzen. - Slik sett er vi meir utsette for svingingar i klimaet enn i konjunkturane.


I 2012 skal det investerast i nye maskiner og utviklast nye produkt og design. Dette kan opne for distribusjon i nye bransjar, som motebransjen. Det er også eit mål å behalde og auke produksjonen i Noreg. I dag blir alt strikkearbeid utført i dei tradisjonsrike produksjonslokala i Dale, men mykje av monteringsarbeidet er sett ut til verksemder i Polen. Det vil truleg vere behov for nye tilsette for å få dette til. Verksemda sysselset i dag 53 personar i Dale og fire i Vermont.

nader mellom dei ulike bransjane. Medan tradisjonelle eksportvarer som kjemiske produkt og rå-metall er i vanskar, går andre bransjar så det susar. Det siste gjeld mellom anna produksjon av metallvarer, maskiner og teknisk utstyr.

I dei siste månadene har det også kome signal om veksande uro i verftsindustrien. I følgje marknadsføringsorganisasjonen Norske Skipsverft har tilgangen på nye ordrar vore svakare i dei første månadene av 2012 enn på same tid i fjor. Fleire verft står difor i fare for å sleppe opp for arbeid. Det er fleire årsaker til dette. Mellom anna ser offshoreriarlaga ut til å være inne i ein periode der dei konsoliderer posisjonane sine heller enn å tinge nybygg. Dei norske verfta opplever òg skjerpa konkurransen frå europeiske verft som har kasta seg inn i konkurransen om offshorekontraktane grunna svikt i fraktmarknaden.

Industrien i Hordaland har utan tvil vorte meir nøktern i vurderinga av framtida enn den var på same tid i fjor. Den samla forventingsindeksen fell frå 30 til 13 poeng. Nedgangen kan observerast i mest alle bransjar, men er særleg sterkt for verksemder som produserer kjemiske produkt, maskiner og utstyr og næringsmiddel. I alle desse bransjane fell indeksen med mellom 30 og 40 poeng. Den einaste

**Figur 4: Samla forventingsindeks i ulike delar av industrien 2012.** Kjelde: Bedriftsundersøkinga.



**Figur 5: Endring i samla forventingsindeks fra 2011 til 2012 i ulike delar av industrien.** Kjelde: Bedriftsundersøkinga




bransjen med veksande optimisme er metallvareindustrien.

Vi må likevel ta omsyn til at dette er eit fall frå eit svært høgt nivå. Berre oljesektoren kunne måle seg med den framtidstrua som industrien la for dagen i mars 2011. Alle industribransjar utanom næringsmidelindustrien og den kjemiske industrien er på den positive sida òg i 2012, og fleire bransjar ligg framleis svært høgt. Dette gjeld ikkje minst metallvareindustrien og produsentar av elektriske og optiske pro-

dukt. Begge desse, men særleg den siste, er bransjar med ein betydelig petroleumsretta omsetnad. I denne bransjen finn vi radarprodusenten Sea-Hawk. - Kundane våre er hovudsakleg seismikksselskap og oljeselskap, seier direktør Owe Hagesæther. - Internasjonalt er dei spreidd over heile verda. I tillegg har vi fleire kundar i den norske oljenæringa.

Også tekstilindustrien ligg på den positive sida, om enn berre så vidt. Trass i prispress og hard internasjonal konkurransen, har fleire tekstilverksemder i Hordaland gjort det godt dei siste åra, mellom andre Janusfabrikken, Skigutane og Dale of Norway. - Vi ser på 2012 som eit konsolideringsår, seier nytilstett administrerande direktør Øyvind Lauritzen i Dale of Norway. - Fjoråret var eit uvanleg godt år grunna ski-VM i Oslo. Vi klarar nok ikkje å kopiere dette resultatet i år, men ventar eit 2012 i balanse.



**EKSTREMSPORT PÅ JOBB:** Med tau og sele klatrarane frå Orange Offshore til overalt.

## Orange Offshore: Klatrar høgt på sokkelen

Berre sikra av ein sele heng ein mann på utsida av ein oljeplattform i Nordsjøen. Han er på jobb for Orange Offshore. Klatrarane frå det Bergensbaserte selskapet gjennomfører inspeksjonar på stader der andre må gi opp. Tenesta gjorde Orange Offshore til Gaselle-verksamhet i 2011. - Mykje av arbeidet vårt er offshore, seier strategi- og marknadssjef Asle Wingsternes. - Men vi jobbar òg for landbasert industri, mellom anna for verftsindustrien.

Orange Offshore er godkjent opplæringsbedrift i høve til ein ny norsk standard for «arbeid i tau» (NS 9600) og har oppretta eit eige

opplæringscenter i Riga som lærer opp nye klatrarar. - Vi tener godt på det høge aktivitetsnivået i oljenæringa og har fleire gode år bak oss, seier Wingsternes. - Vi trur også at 2012 vil bli eit bra år.

Selskapet er ein del av konsernet Orange Group som inkluderer Orange Helse som leiger ut personell til helsesektoren. Også syster-verksemda har vore gjennom ei rivande utvikling, og vart utpeikt til «årets vekstbedrift» i 2011 av Dagens Næringsliv, DNB og PWC.

## Trekkjer fleire turistar

Hotella i fylket er fullare enn på lenge. 147 000 overnattingar vart registrerte berre i mars, ein oppgang på heile 7,3 prosent frå same månad i fjor. - Vi har hatt en veldig god start på året, med ein vekst på 18 prosent i første kvartal, seier Kristian Jørgensen som er administrerande direktør i Fjord Norge AS. - Det er den beste starten vi nokon sinne har hatt på eit år. Det skuldast at vi har lukkast med vinter- og skisat-singa vår. Her har vi hatt eit potensial som ikkje har vore skikkeleg utnytta tidlegare.

Utsiktene for sommarsesongen ser òg lyse ut. Bergen vil bli vitja av fleire cruise-skip enn nokon gong før, og tingingane frå utlandet er så langt over fjorårets. - Vi får gode tilbakemeldingar frå operatørane, så eg er absolutt optimistisk, seier Jørgensen. - Vi bør kunne oppnå ein vekst på mellom ein og fire prosent samanlikna med sommaren i fjor.

Dei gode utsiktene kjem til uttrykk i reiselivsaktørane sine forventingar. Nærare 40 prosent av verksemldene oppgir at mar-

knadsutsiktene er betre i 2012 enn i 2011, og over halvparten ventar betre lønsemeld. Veksten ser ut til å krevje fleire hender. Om lag ein fjerde del ventar å auke talet på tilsette og mest ingen ventar reduksjon. Den samla forventingsindeksen er på heile 26 poeng, marginalt høgare enn i 2011.

## Sjømatnæringa budd på vanskars

Av hovudnæringane i figur 2, er primærnæringane åleine om å ha ein negativ forventingsindeks. Dette skil seg frå same tid i fjor. Då såg verksemldene i primærnæringane rimeleg lyst på framtidia. Sjølv om talet på verksemder i Bedriftsundersøkinga er for lite til å gi sikre svar, tyder mykje på at det er oppdrettsnæringa som står for pessimismen.

Dette står i kontrast til stemminga på den årlege sjømatkonferansen North Atlantic Seafood Forum, som var prega av optimismen. Eksporten av norsk laks til utlandet ligg på eit historisk høgt nivå. Ikkje minst har eksporten til Russland auka


dramatisk. - Vi opplever ein kraftig vekst i etterspurenaden etter laks globalt, både frå dei etablerte marknadene i Europa og USA og frå nye marknader som Russland, Brasil og fleire land i Asia, seier Ola Brattvoll i Marin Harvest.

Men prisane er låge og vil truleg halde seg på eit lågt nivå også i månadene framover. Enkelte ventar jamvel vidare prisredusjon. Det er svært mykje fisk i merdane og tilveksten er god. Næringsnærmar seg difor det såkalla MTB-taket (maksimalt tillatte biomasse) der styremaktene vil kunne krevje at det blir sett i verk ekstraordinær slakting. Skjer dette, vil prisane kunne pressast ytterlegare ned. For ei næring der marginane allereie er under sterkt press kan dette vere alvorleg. Optimismen på sjømatkonferansen handlar difor om det litt lengre perspektivet. Dei fleste aktørane i bransjen ser for seg at tilbodsvirksten vil flate ut mot slutten av året og at dette igjen vil kunne gi prisar som kan auke lønsemada.





INTERNASJONALT I ODDA: NLI i Odda har auka arbeidsstokken kraftig dei siste åra, mellom anna gjennom rekryttering frå Aust-Europa.



## Stilling ledig: kvalifisert personell

Europa er hardt råka av arbeidsløyse, og få vågar å lite på at krisa i verdsøkonomien er over. Men i Hordaland ropar arbeidsmarknaden etter kvalifisert arbeidskraft.

### Treng sårt ingeniørar og handverkarar

Til saman manglar fylket nær 5 000 kvalifiserte arbeidstakarar. Det viser estimat NAV har gjort på bakgrunn av Bedriftsundersøkinga. 30 prosent av verksemndene ventar å auke talet på tilsette i løpet av det neste året, fem prosentpoeng færre enn i fjor.

Men det kan bli vanskeleg å fylle dei ledige stillingane. Fylket manglar heile 1 000 sivilingeniørar og 775 ingeniørar, syner tala frå NAV. Størst er mangelen på sivilingeniørar innan geofag og petroleumsteknologi. Samstundes manglar fylket 1 300 handverkarar, av dei er nesten 600 bygningsarbeidarar.

Problema med å rekryttere relevant kompetanse gjeld fleire næringer. Innan finansiell og forretningsmessig tenesteyting melder heile 22 prosent at dei har mislukkast i å rekryttere arbeidskraft dei siste tre månadene. Nesten like mange innan offentleg og privat tenesteyting har rekryteringsvanskar. Årsaka her er truleg mangel på ingeniørar, sjukepleiarar og lærarar. Men

i denne næringa er det fleire som har løyst utfordringa ved å rekryttere personar med annan eller lågare kompetanse.

### Redninga er utanlands

I verkstadhallen til NLI i Odda går sveiseapparata varme. Her produserer dei mellom anna koplingsprodukt for subsea og lever godt på olje- og gasssektoren. Dei siste fem åra har dei tredobla omsetnaden og utvida arbeidsstokken kraftig. - Vi planlegg å utvide staben med 30 personar det neste året, seier administrerande direktør Ingvald Torblå.

Men i likskap med mange andre har Torblå vanskar med å skaffe den spesialkompetansen han treng. Redninga har han funne i den internasjonale arbeidsmarknaden. I følgje Bedriftsundersøkinga planlegg 12 prosent av verksemndene å gjere som Torblå og rekryttere arbeidskraft frå utlandet i 2012. 16 prosent av verksemndene innan finansiell og forretningsmessig tenesteyting ser arbeidsinnvandring som ei løysing. I byggje- og anleggsnæringa er talet 13 prosent.



Fylket manglar  
heile 1 000 sivil-  
ingeniørar og  
775 ingeniørar.

## Oljeindustrien smør arbeidsmarknaden


NLI i Odda ser lyst på året som kjem, i likskap med andre verksemder som er knytt opp mot olje- og gasssektoren. Her går eit klårt skilje, viser Bedriftsundersøkinga. Blant verksemder der over halvparten av omsetnaden kjem frå petroleumsindustrien, ventar heile 60 prosent å auke arbeidsstokken i 2012. Hos verksemder utan tilknyting til oljesektoren, ventar berre 20 prosent av verksemdene å tilsetje fleire.

Denne todelinga er tydelegast innan industrien, der den generelle stemninga er meir nøktern. Ei av tre industriverksemder ventar å tilsetje fleire i året som kjem. Men forventingane er høgare blant dei som leverer til petroleumssektoren: fire av ti ventar å auke talet på tilsette. Resten av sektoren merkar dei tøffe tidene betre, som i verftsindustrien. Men det er først og fremst næringsmiddelindustrien som trekker forventingane ned. Nesten 17 prosent bur seg på nedskjeringar det neste året.


## Fleire folk til eksport og tenestesektoren

Det er flest verksemder innanfor finansiell og forretningsmessig tenesteyting som ventar å auke talet på tilsette. Det viser tala når vi ser bort frå tilknytinga til oljesekten. Fire av ti verksemder ventar fleire tilsette i løpet av 2012. Mange av desse verksemdene leverer tenester til andre delar av næringslivet og er difor avhengige av at det går godt i andre næringar. I tillegg til finans- og forsikringsverksemder, er tekniske konsulentverksemder, rekneskapskontor og bemanningsselskap døme på verksemder som hører til denne næringsgruppa.


Ura innan konkurranseutsett industri og tvitydige signal frå verdsokenaden legg ingen dempar på rekrutteringsbehovet til eksportverksemdene i Hordaland. Blant verksemder med meir enn 50 prosent av omsetnaden knytt til eksport, håpar fire av ti å auke talet på tilsette det neste året. Truleg er den viktigaste forklaringa at nes-ten halvparten av desse eksportverksemdene har petroleumsrelatert omsetnad.




Figur 1: Forventingar om talet på tilsette om eitt år innan ulike næringsgrupper. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Prosent verksemder i ulike næringsgrupper som har mislukkast med rekruttering siste 3 mnd. Kjelde: Bedriftsundersøkinga




Figur 3: Estimert mangel på arbeidskraft i ulike yrkesgrupper i fylket. Kjelde: NAV / Bedriftsundersøkinga



Figur 4: Forventingar om talet på tilsette om eitt år blant verksemder med ulik mengde petroleumsrelatert omsetnad. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

## Fakta om NLI

NLI Odda er eitt av 14 selskap i NLI gruppa, og er ein del av olje- og gassdivisjon til konsernet. Verksemda vart etablert i 1977 av Kongsberg Våpenfabrikk AS, og er i dag verdsleiane på fabrikasjon, montasje og test av subsea-termineringshovud. Hovudkunden er FMC, verdas største leverandør av subsea-system. NLI Odda omsette i 2011 for 220 millionar kroner. I 2008 vart verksemda valt til Årets leverandør av FMC Technologies.



AVANSERT PRODUKSJON: Nytt utstyr gjer kvardagen enklare for produksjonsleiar Geir Brattebø

## NLI Odda

### Trekkjer folk til Odda

- Det kan samanliknast med å bygge eit jetfly samtidig som det er i lufta, seier Ingvald Torblå. NLI har auka arbeidsstokken frå 70 til 120 tilsette dei seks åra han har vore administrerande direktør her, og Torblå håpar det neste året å utvide med ytterlegare 30 personar. Men med framgangen kjem òg veksesmertene. - Vi har mange svært spesialiserte stillinger der vi slit med å få tak i dei rette folka. Det gjeld alt frå ingeniørar til teknikarar og operatørar.

Mykje av rekrutteringa skjer difor utanlands, i første rekke frå Aust-Europa. - Dei har vore viktige for den veksten vi har opplevd dei siste åra, seier Torblå. - Dei har stå-på vilje og arbeider godt. Eit

tjuetals personar frå åtte ulike land har funne vegen til vesle Odda og NLI. Dei fleste har vorte verande og er i dag ein integrert del av lokalsamfunnet.

Men til ingeniørstillingar rekrutterer verksemda flest nordmenn. Kva då med ingeniørmangelen som alle ropar om? - Det er klart det er ei utfordring. Men som ei av få vekstbedrifter i regionen er vi i ein unik situasjon, fordi det gjer oss synlege, svarar Torblå. Gjennom programmet Flytt til Hardanger har dei lukkast med å hente heim utflytta hardingar. Berre i fjar rekrutterte dei fire tilsette på denne måten. - Stabil arbeidskraft, meiner Torblå.



VEKS PÅ SUBSEA: NLI Odda er verdsleiane på fabrikasjon, montasje og test av termineringshovud til subseasektoren



**LOKKA TIL VESTLANDET:** Hordalandsverksemndene ligg på topp i bruk av arbeidskraft frå EØS.



## Innvandring skapar vekst

Bruk av utanlandsk arbeidskraft får hjula til å gå rundt i næringslivet i Hordaland. Av dei verksemndene som ventar å auka staben i år, vil 20 prosent rekruttere frå utlandet.

### Fyller kompetanseholna

I Odda ligg ei av verdas største produsentar av koplingsutstyr for undervassteknologi i olje- og gassindustrien, NLI Odda. I fjar flytta fire personar frå Moldova for å jobbe her. Det starta med ei designar-stilling som stod ledig. - Vi leita etter ein person med ein kompetanse som er vanskeleg å finne i Noreg, seier Ingvald Torblå, administrerande direktør i Odda-verksemda. - Ved hjelp av databasen til NAV Eures oppdagav vi at det berre var ein person som hadde nøyaktig den kunnskapen vi var ute etter. Han var i Moldova. Personen med den sjeldne kompetansen er no tilsett og har flytta hit

med familien sin. Seinare har verksemda henta inn tre tidlegare kollegaer av han. Torblå er godt nøgd med rekrutteringa.

Ein annan som har gode erfaringar med å hente arbeidskraft frå utlandet er Ragnvald Joakimsen, assisterande rådmann i Jondal kommune. Kommunen lukkast ikkje med å rekruttere sjukepleiarar til den lokale sjukeheimen gjennom dei vanlege kanalane. Men så fekk dei tilbod frå NAV Eures om å bli med til eit jobbseminar i Danmark. - Etter seminaret sat vi igjen med ei liste på ikkje mindre enn 20 nyuttanna sjukepleiarkandidatar som kunne tenkje seg å kome til Jondal, seier Joakimsen. - Valet fall på to som var

### NAV Eures

#### Hjelper til å rekruttere

NAV Eures arbeider på tvers av landegrensene i EU/EØS-landa. Oppdraget er gitt frå EU-kommisjonen og dei lokale arbeidsgivarane: Dei skal betre arbeidsmobilitten i EU. - Vi dekkjer alle kompetanseområde som blir etterspurd i arbeidsmarknaden, seier Stig Løland, rådgjevar i NAV Eures. Han hjelper verksemder å rekruttere arbeidskraft frå EU/EØS-området. - Den siste tida har det vore stor pågang frå olje- og gassverksemndene i fylket. Det er særleg godt utdanna spesialistar og folk med fagbrev verksemndene ønsker. Løland gir òg råd til dei som ønsker å reise ut or Hordaland. Men det som særpregar Eures er at tenesta er retta mot arbeidsgivarane. - Nettverket av rådgjevarar strekkjer seg over heile Europa og har meir enn 800 tilsette. Vi er to her i Hordaland som arbeider med rekruttering og tilbyr

informasjon om den norske arbeidsmarknaden, sosiale og kulturelle høve og liknande.

Eures sine tenester er gratis. Det er først og fremst små og mellomstore verksemder som ber om hjelp, medan dei store ser ut til å klare seg bra på eiga hand. - Dei som kjem til oss treng som oftast hjelp til å finne spesielle faggrupper. I fjar lyste vi ut omlag 1 500 stillingar. I år er vi oppe i rundt 600 allereie etter tre og ein halv månad. Løland seier rekrutteringa av utanlandsk arbeidskraft har endra seg. - Tidlegare gjekk vi ut og sökte etter spesielle grupper av arbeidstakrarar. No fokuserer vi langt meir på den enkelte og deira kvalifikasjoner.

**Det er særleg godt utdanna spesialistar og folk med fagbrev verksemndene ønsker.**

spesielt motiverte og som kjende kvarandre frå før. Vi la sterkt vekt på at dei burde kjenne kvarandre, for Jondal er ikkje noko stor plass med masse tilbod til unge menneske.

### Fleire arbeidstimar

På få år har talet på arbeidstimar i Noreg auka med 20 prosent, mykje grunna vekst i bruken av utanlandsk arbeidskraft. Arbeidsinnvandringa reduserer presset i den norske arbeidsmarknaden og hjelper til med å halde prisane nede. - Om vi ikkje hadde hatt arbeidsinnvandring, ville det ha vore manko på arbeidstimar, noko som ville ha ført til at fleire som etter-spør tenester frå snikkarar eller rørleggarar ikkje ville fått desse gjort. Det sa professor Erling Røed Larsen ved handelshøgskulen BI til NRK i april i år. Den kraftige auken i talet på arbeidstimar skuldast at arbeidstakarar har vorte lokka til Noreg av dei høge lønene, i følgje Røed Larsen. Spesielt etter at EØS-reglane vart endra for tre år sidan og opna for fri arbeidsinnvandring frå dei nye EU-statane, har næringar skjerma frå utanlandsk konkurranse nytt godt av den ekstra arbeidskrafta som har kome til landet.

### Innvandring i endring

Innvandringa til vestlandsfylka har endra seg dei siste åra. Det seier Kjell Gunnar Salvanes, professor ved Norges Handelshøyskole i Bergen til Bergens Tidende. Tidlegare var den typiske innvandraren ein asylsøkjar utan spesielle kvalifikasjoner. I dag kjem det òg godt kvalifisert arbeidskraft frå i første rekke Aust-Europa og Sverige.

39 prosent av dei private verksemndene i Hordaland har nytta arbeidskraft frå EØS-området i løpet av dei siste 12 månadene. Det kjem fram i ei undersøking som Perduco nyleg har utført for NAV Eures. Av dei norske fylka er det berre Østfold som kan vise til eit høgare tal enn dette. Om lag halvparten av dei utanlandske arbeidstakarane i vestlandsfylka Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane har ikkje fast opphold i Noreg, i følgje Skatt Vest. Dei er her som mellombels arbeidskraft. I dag utgjer denne gruppa rundt sju prosent av den samla arbeidsstokken på Vestlandet. Karl Husabø


frå Skatt Vest trur denne gruppa vil vekse i åra framover, særleg innanfor oljesektoren. Det seier han til Bergens Tidende.

**39 prosent av dei private verksemndene i Hordaland har nytta arbeidskraft frå EØS-området i løpet av dei siste 12 månadene.**

### Ser mot utlandet

I Bedriftsundersøkinga til Næringsbarometeret vart verksemndene i Hordaland spurta om dei planlegg å rekruttere arbeidskraft frå utlandet i 2012. Om lag 12 prosent av dei private verksemndene svarar positivt på dette spørsmålet. Dersom vi berre ser på verksemder som har planar om å auke talet på tilsette, aukar denne prosentdelen til 20.

Tendensen er særleg tydeleg innanfor tre næringar. Det gjeld olje- og energisektoren der fire av ti verksemder planlegg å rekruttere frå utlandet i 2012. Det gjeld og bygg og anlegg og forretningmessig tenesteyting, der tre av ti verksemder vil rekruttere frå utlandet. Den siste gruppa inkluderer mellom anna bemanningsbransjen og reinhaldsbransjen, begge bransjar som tradisjonelt har nytta mange utanlandske arbeidstakarar.



Figur 1: Prosent av verksemder som skal auke staben som planlegg å rekruttere frå utlandet.  
Kjelde Bedriftsundersøkinga

## FMC Technologies

### Multinasjonalt på Ågotnes

På Ågotnes utanfor Bergen jobbar 28 ulike nasjonalitetar saman i eitt selskap. FMC Technologies har 14 200 tilsette som designar, bygger og server avanserte teknologiske løysingar til 27 olje- og gassinstallasjonar i 25 land. Basane i Kristiansund, Florø, Angola, Skottland og Polen blir operert frå det regionale hovudkontoret på Ågotnes.

- Vi er ikkje berre eit multinasjonalt globalt selskap, vi er òg fleirnasjonale lokalt, seier kommunikasjonssjef Andreas Helgesen frå Bergen. - Når vi lyser ut stillingar lokalt er desse alltid på engelsk. Resultatet er at omtrent halvparten av søkerane på enkelte stillingar kjem frå andre land enn Noreg.

**- Vi tilsette nyleg fleire ingeniørar frå India. Mykje av rekrutteringa framover vil nok kome derfrå.**

Av dei 900 stillingane selskapet har lokalt er det ei blanding av norsk og utanlandsk arbeidskraft i alle avdelingane. I dei operative stillingane som er lokalisert til Hordaland er det flest nordmenn, men i utviklingseiningane og administrasjonen er innslaget av andre nasjonalitetar langt større. - Det siste tilskotet er søknader frå asiatiske land, seier Helgesen. - Vi tilsette nyleg fleire ingeniørar frå India. Mykje av rekrutteringa framover vil nok kome derfrå.



lærlingar



VERDIFULLE LÆRLINGAR: Fredrik Haugland (i midten) har vore lærling i RadøyGruppen i snart to år. Adm. dir. (t.h.) Lasse Ståløy tilbyr gjerne lærlingane ei vidare karriere i verksemda. T.v. Ørjan Fjellsende.

## Lærepllassar sikrar rekrutteringa

I fjor fekk 2 034 av totalt 2 199 søkerar tilbod om lærlingplass i Hordaland. Behovet for lærlingplassar vil truleg berre auke framover.

### Etterlyser fleire læreverksemder

- Lærlingar er den einaste måten for mange verksemder å sikre rekrutteringa på, seier fagoppleringssjef i Hordaland, Inge Alver.
- I åra som kjem er det særleg viktig at private verksemder i alle bransjar og offentleg sektor i Hordaland kjem på bana med fleire lærepllassar.

I 2011 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt 18,3 millionar kroner frå staten for å motivere fleire læreverksemder til å ta inn lærlingar og lærekandidatar. Målet er at alle søkerar med ungdomsrett kan få eit tilbod. Midla har vorte brukte til å gi ekstra tilskot til verksemder som har tatt inn lærlingar i fag der ein manglar lærlingplassar. Likevel har det vore vanskeleg å skaffe alle søkerar plass. I 2011 stod 165 søkerar utan lærlingplass. Mangel på lærepllassar er ei forklaring, men nokre søkerar fell gjennom fordi dei ikkje tilfredstiller bedrifta sine krav.

- I den ideelle verda ville det alltid ha stått ein ledig lærepllass for alle som går ut av VG2 yrkesfag, seier Alver. - Det gjer det ikkje,

men vi er ikkje så langt unna. Nett no er det rikeleg med lærepllassar innan byggje- og anleggsektoren, men det skuldast særskilt konjunktur for tida. For berre få år sidan var tilhøva heilt annleis i denne bransjen.

### Bygg og anlegg på topp

Det er flest lærlingar i bygg- og anleggssektoren, i følgje Bedriftsundersøkinga. To av tre byggje- og anleggsverksemder svarar at dei har hatt lærlingar dei to siste åra. Innan olje- og energisektoren og offentleg og privat tenesteyting svarar litt over 40 prosent det same, medan det i industrien berre er 30 prosent som melder at dei har hatt lærlingar dei siste to åra.

Det er nettopp i industrien at behovet

### RadøyGruppen

#### Fekk gullklokke etter 25 år

- Vi har hatt lærlingar i 26 år, seier Lasse Ståløy, administrerande direktør i RadøyGruppen i Nordhordaland. Dei har i meir enn 40 år utvikla og produsert avanserte stålkonstruksjonar for olje- og gassindustrien og maritim sektor. - Eg veit dette fordi ein av våre medarbeidarar som starta her som lærling fekk gullklokka på julebordet i fjor. Då hadde han vore her som fagarbeidar i 25 år, fortel Ståløy. Sidan den gong har kring 80 lærlingar vore innom verksemda. Dei aller fleste har gått over i fast stilling etter avslutta læreperiode.

RadøyGruppen har eit tett samarbeid med TAF-lina ved Knarvik vidaregåande skule. Kvart år rekrutterer dei ein TAF-elev, og til ei

kvar tid har dei fire TAF-elever i verksemda. TAF står for tekniske og allmenne fag og Knarvik vidaregåande skule har for tida samarbeid med 63 såkalla TAF-verksemder.

- Desse elevane er utruleg læringsvillige og flinke, seier Ståløy. Sidan i fjor har verksemda kunne tilby ei vidare karriere i det nystartat selskapet RadøyGruppen Engineering til dei av elevane som vel å fortsette med høgskule og ingeniørstudiar etter avgang. - No kan vi rekruttere dei beste elevane inn i verksemda, gi dei god opplæring, sende dei til høgskulen og få dei att som ferdige ingeniørar. Dette er eit flott supplement til dei to-tre lærlingane vi tek inn kvart år, seier Ståløy.

for fleire lærepllassar vil auke, trur Alver. - Utfordringane framover blir å få fleire lærepllassar innan elektrofag og metallfag. Innan industrimekanikarfaget, plate- og sveisefag, samt bilfaget treng vi alltid fleire lærepllassar. Særleg no når det er gode tider skulle vi hatt med fleire verksemder.

### Må ta utfordringane på alvor

Talet på lærlingkontraktar følgjer konjunkturane, viser tal frå fagopplæringskontoret. I 2008 vart det til saman inngått 2 186 nye lærlingkontraktar i fylket. Året etter, då finanskrisa gjorde seg gjeldande, var talet nede i 1 956. Sidan då har talet auka sakte. I 2011 vart det til saman inngått 2 034 nye lærekontraktar i Hordaland.

Men for somme fag kan ikkje mangelen på lærepllassar forklarast med konjunkturutviklinga. Alver peikar på helsefaga som døme. - Helsefagarbeidrar er noko vi veit vi vil trengje i framtida. Men ungdomane vegrar seg for å søkje denne vegen fordi dei ikkje er garantert fulle stillingar når dei er ferdige med læretida. Dette er ei utfordring for lærlingordninga, som kommunane og helseføretaka ikkje ser ut til å ta på alvor, seier Alver.

Skal fylket få dekt behovet for kvalifisert arbeidskraft i åra som kjem, trengst ei satsing både på rekruttering av lærlingar og verksemder som kan tilby lærlingplassar. Estimat frå NAV viser at fylket manglar 1 300 handverkarar. Samstundes viser tal frå SSB at Hordaland ligg godt bak nabofylket Rogaland i talet på lærlingar. For kvar

tiande yrkesfagelev i Hordaland går fire vidare til ei lærlingordning. Både Rogaland og Sør-Trøndelag har fleire lærlingar per yrkesfagelev, høvesvis 55 og 47 prosent. Det kan vere eit uttrykk for at det blir satsa sterkare på lærlingordninga i desse fylka.

### Fagopplæring først

Det finst i dag i hovudsak tre ulike lærlingordningar, der lengda på læretida varierer. Verksemdene i Bedriftsundersøkinga ser ut til å føretrekkje ei jamm fordeling mellom fagopplæring i skulen og læreperiode. To av tre verksemder som har hatt lærlingar dei to siste åra, oppgir at ordninga med to år yrkesfag før to års læreperiode er viktigast for dei. Berre 15 prosent føretrekkjer ei ordning med eitt år yrkesfag og tre års læretid. Svært få, berre 8 prosent, ønskjer å ta inn lærlingar utan at dei har hatt yrkesfagleg opplæring først.

### Lærling eller lærekandidat?

Lærlingar siktar mot ein fag- eller sveineprøve i eit lærefag og inngår lærekontrakt med ei læreverksemde.


Lærekandidatar tar siktet på ein mindre omfattande prøve enn fag-/sveineprøve, ein kompetanseprøve, og inngår ei opplæringskontrakt med ei læreverksemde.

Lærekandidatar kan i læretida endrast til lærlingar, eller dei kan få spesialundervisning om læretida ikkje gir eit tilfredsstillande utbytte.


Endringar skjer etter samtykke frå yrkesopplæringsnemnda.



Figur 1: Prosent av verksemder som har hatt lærlingar dei siste to åra. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Prosent av verksemdene som føretrekkjer ulike lærlingemodellar. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Lærlingar per yrkesfagelev i fylka med flest elevar i vidaregående opplæring.  
Kjelde: SSB, vidaregående opplæring

### Fagopplæringa i Hordaland

- 2 000 godkjende læreverksemder
- 43 opplæringskontor
- 4 000 lærlingar
- 1 700 lærekandidatar
- 2 700 fag- og sveineprøver kvart år

### FMC Technologies


#### Lærlingar for framtida

FMC Technologies på Ågotnes utanfor Bergen har ansvaret for 30 lærlingplassar i Bergen og Kristiansund.


- Eg trur vi er ei av dei største lærlingverksemdene i regionen, fortel Andreas Helgesen, kommunikasjonssjef for ei av forretningseiningane i det globale selskapet. - Vi har eit godt samarbeid med Høgskulen i Bergen om utdanning av ingeniørar innan fagområda våre. Vi tilbyr ti dagar med førelesingar i den obligatoriske undervisninga på undervasslinja ved høgskulen, og vi nyttar lærlingar for å hjelpe nye ingeniørar med den praktiske opplæringa. Det gir lærlingane utfor-

dringar dei ikkje kan få andre stader.

For at selskapet skal kunne ligge i forkant av utviklinga, vurderer selskapet no å utvide samarbeidet med utdanningsinstitusjonar til å omfatte eit liknande opplegg ved FMC sin base i Florø. - Med den veksten vi ser i olje- og gassutvinninga utanfor kysten av Vestlandet, må vi tenkje på den framtidige rekrutteringa i god tid før behova for nye tilsette melder seg. Difor vitjar vi òg utdanningsinstitusjonar for ingeniørar eller fagarbeidrarar innan våre område, og vi tek imot besøk frå dei.



TØFFE TIDER: I Odda har sinkprodusenten Boliden merka prispresset. Adm. dir. Toralf Helland har ikkje kome utanom nedskjeringar.



## Olja splittar eksportnæringa

Prisane fell.  
Forventingane fell.  
Det er ikkje lett å drive tradisjonell eksport i urolege tider. Men for den petroleumsretta eksporten er utsiktene heilt annleis. Todelinga i eksportnæringa i Hordaland blir stadig tydelegare.

### Eksporten aukar, prisane fell

Norsk eksportnæring går så det susar. Sidan november i fjor har eksportverdien auka kvar månad, melde SSB tidlegare i år. I mars nådde den 88,9 milliardar kroner, den høgste verdien nokon gong registrert. Ein oljepris på godt over 700 kroner fatet saman med rekordhøg fastlandsekspport medverka til at vi i mars kunne notere tidenes største handelsoverskot.

Men biletet av ei blømende eksportnæring har fleire nyansar. Ordretilgangen og prisane i eksportmarknaden til tradisjonelle norske industriverksemder fall i løpet av 1. kvartal i år. Det viser SSB sitt ferske konjunkturbarometer. Ser ein bort frå verdien av energiprodukt, fall fastlandsekspporten med to prosent frå mars i fjor til same tid i år. Situasjonen er særleg krevjande for papir- og papirvareindustri, metallindustri og kjemisk industri. Sidan 1. kvartal i fjor har eksporten av metall, unna-

teke jern og stål, falle med heile 10,7 prosent. Samstundes slit Noregs nest største eksportnæring, fiskeri, med kraftig prisfall. Vi ser med andre ord teikn på ei tydeleg todeling av norsk eksportnæring.

### Ei todelte eksportnæring

Bedriftsundersøkinga for Næringsbarometeret teiknar eit liknande bilet for Hordaland. Eksportverksemduene sine forventingar har fått ein knekk det siste året. 32 prosent av verksemduene ventar å auke eksporten det neste året, mot 44 prosent for eit år sidan. Også her i fylket er todelinga i eksportnæringa tydeleg, viser

 **Eksportverksemduene sine forventingar har fått ein knekk.**

Bedriftsundersøkinga. For medan optimismen veks i den delen av eksportnæringa som er knytt til olje- og gassutvinning, er forventingane blant andre eksportverksemder kraftig redusert det siste året. 40 prosent av oljerelaterte eksportverksemder ventar å auke eksporten det neste året. Blant dei

meir tradisjonelle eksportverksemde ventar berre 30 prosent det same. 16 prosent av dei ventar ein nedgang i eksporten.

### To verkelegheiter i Odda

I industribygda Odda opplever to av dei største verksemde nokså ulike kvaradar. - Det er ikkje dei beste tilhøva, men ikkje så ille som vi trudde for eit år sidan. Det seier Toralf Helland, informasjonsjef ved Boliden, den største verksemda i kommunen. Sinkprodusenten eksporterer over 90 prosent av produksjonen og har i likskap med mange andre metallprodusenter hatt tøffe tider dei siste åra. For å møte prispresset har verksemda måtte innføre drastiske tiltak. Sjølv om dei prøver å auke produksjonen maksimalt, er kostnadskutt og nedskjerings i arbeidsstokken ikkje til å unngå.

Nokre hundre meter unna, hos maskineringsverksemda NLI, er det heilt andre utfordringar som gjeld. - Vi ser for oss ei dobling av omsetnaden på sikt, og planlegg å utvide med 30 personar det neste året. Men i dagens arbeidsmarknad er det ikkje lett, fortel administrerande direktør Ingvald Torblå. Verksemda hans merkar effektaane av aktiviteten i olje- og gassindustrien. Nyleg inngjekk dei ein tre års rammeavtale med FMC worldwide. Dei får òg inn ordrar direkte både frå Asia og USA.

### Låg tru på Europa

Dei to verksemde er døme på at det går eit klårt skilje mellom verksemder som eksporterer til Europa og dei som har sine hovudmarknader andre stader. Bedriftsundersøkinga viser at forventingane er markert lågare blant verksemde som er avhengig av den europeiske marknaden, enn blant dei som hovudsakleg eksporterer til Asia.

Bedriftsundersøkinga viser òg verdien av å ha fleire bein å stå på. Stemninga blant dei som eksporterer til tre eller fleire marknader er langt meir positiv enn blant verksemder som er avhengig av éin ein-skild marknad. I sistnemnde gruppe rår pessimismen, og fleire ventar nedgang det neste året.

### Låge prisar skapar problem

Svikt i etterspurnaden er ei naturleg følge av lågkonjunkturen i Europa. Men det er først og fremst låge prisar som skapar vanskar for eksportørane til den europeiske marknaden. Over halvparten melder om låge prisar som hovudårsaka til utfordringane dei opplever. Dette har ikkje minst fiskerinæringa fått merke det siste året, med eit fall i lakseprisane frå 40 til kring 28 kroner per kilo.

- Innteninga i første kvartal 2012 er redusert samanlikna med i fjor, som ei følge av lågare prisar, fortel Ola Brattvoll i Marine Harvest. Men fallet blir til ein viss grad vege opp av auka etterspurnad etter norsk laks i verdsmarknaden. I april vart det eksportert 70 662 tonn laks, i følgje Norges Sjømatråd. Det er 13 664 tonn meir enn april i fjor. - Laks er eit produkt som passar med matvanane til ein stadig aukande global middelklasse, forklarar Brattvoll. Ikkje eingong kriseramma sør-europearar ser ut til å miste interessa for norsk laks.

### Fleire blør pengar

Men for delar av eksportnæringa kjem krisa i Europa på toppen av meir langvarige utfordringar. Det gjeld særleg metallprodusentar, ei næring som har slitt med overkapasitet og svak vekst i lengre tid. Dei siste åra har prisen på innsatsvarer òg vorte pressa opp, noko sinkprodusenten i Odda har fått merke. - Det er mange om

beinet. Mellom anna har Kina pressa prisnivået ved å kjøpe råvarer på spotmarknaden til veldig høge prisar, seier Toralf Helland. - I tillegg er det overproduksjon i Europa. Det finst til saman 7 sinkverk i Europa, og vi reknar med at eitt eller to av dei vil forsvinne. Fleire blør pengar for tida, seier han.


 Det finst til saman 7 sinkverk i Europa, og vi reknar med at eitt eller to av dei vil forsvinne.



Figur 1: Prosent av verksemde som seier at ulike marknader utgjer meir enn 25 % av samla eksport. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks fordelt etter viktigaste eksportmarknad. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Utfordringar blant eksportverksemde, fordelt etter viktigaste eksportmarknad. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



- Oljeraffineriet på Mongstad har vore ein eineståande motor i utviklinga av regionen, men det har også gjort oss sårbarer.

## Nordhordland må tenkje nytt

Når oppdraga frå Statoil tørkar opp hjelper ikkje lovnader om månelanding. For mange av verksemndene i Mongstad-området er omstilling løysinga.

### Lokomotiv på godt og vondt

- Nordhordland treng fleire bein å stå på, seier Hogne Haugsdal som er samfunnsutviklar og næringssjef i Lindås og Austrheim.
- Oljeraffineriet på Mongstad har vore ein eineståande motor i utviklinga av regionen, men det har også gjort oss sårbarer.

I lang tid var nærlieken til anleggsområdet nok til å sikre verksemndene i Mongstad-regionen ein komfortabel straum av arbeid. Slik er det ikkje lenger. Kontraktane er blitt større og anboda globale, noko som har skjerpa konkurransen og opna arenaen for større internasjonale aktørar. - Dette er aktørar som normalt ikkje slår rot på Mongstad, seier Haugsdal. - Dei kjem inn, utfører oppdraget og forsvinn like fort ut igjen om ikkje dei får nye kontraktar.

I slutten av mars slo avisene opp at Statoil vurderer å legge ned raffineringsverksemda ved Mongstad etter fleire år med milliardtap. Statoil har avkrefta dette, men seier samstundes at det er naudsynt å tilpasse kostnadsnivået til inntektene. Det er sett i gang eit forbetringsprogram som har som mål å kutte rundt 150 årsverk i løpet av

året, hovudsakeleg hos kontraktørar, men i nokon grad òg i eigen stab. I tillegg kjem kraftige reduksjonar i kjøp av tenester frå underleverandørar no som fleire av dei store utbyggingsprosjekta er avslutta.

### Må løfte blikket

- Det har vore langt mellom jobbane for Statoil i den siste tida, stadfestar Olav Enes i selskapet Terne AS. Dei har hatt eit dramatisk fall i omsetnaden grunna tap av oppdrag frå Statoil og har også redusert den faste staben monaleg. Det same gjeld Mongstad Elektro Olje & Gass AS og Mongstad Elektro Industri & Energi AS. Dei tre Mongstad-verksemndene skal i løpet av mai fusjonerast med det tyske selskapet Voith Industrial Services for å få fleire bein å stå på. Dei har teke konsekvensane av at oppdraget frå Statoil ikkje lenger vil vere nok for å halde liv i verksemda. Andre verksemder har meir eller mindre medvete styrt unna dei store vedlikehaldsoppdraget til Statoil. Dette gjeld mellom anna RadøyGruppen AS. Dei utviklar og produserer avanserte stålkonstruksjonar for olje- og gassindustri-

trien og maritim sektor. Verksemda, som for tida har 100 tilsette, har nok av oppdrag og ser lyst på framtida. - Det handlar om å løfte blikket og sjå ut over sitt eige nærområde, seier administrerande direktør Lasse Ståløy.

### Uroa veks

Utviklinga ved Mongstad kjem klart til syne i det regionale næringslivet sine forventingar for 2012. Den samla forventingsindeksen for Nordhordland fell markert og endar som einaste region under null. Særleg er verksemduene tilbakehaldne når det gjeld investeringar. Nærare 30 prosent av verksemduene ventar å redusere investeringane i 2012 og berre 10 prosent ventar vekst. Forventingane til sysselsetting er meir i balanse. Om lag like mange verksemduer ventar auke som reduksjon.

### Blir ikkje arbeidslause

Nordhordland har det høgaste talet på konkursar i høve til talet på verksemduer blant regionane i Hordaland. Utviklinga i Mongstad-regionen har likevel ikkje ført til fleire ledige. Med ei gjennomsnittleg arbeidsløyse blant kommunane i regionen på 1,5 prosent, ligg Nordhordland lågast blant regionane i fylket. Dette kan tyde på at ledige hender frå selskap som må skjere ned, så langt har funne arbeid i andre verksemduer. Med eit kraftig underskot på fagarbeidarar og ingeniørar i heile Hordaland, er det kanskje ikkje overraskande.

### Ikkje berre oljeraffineri

Men Mongstad er meir enn oljeraffineriet. Det gir næringssjefen tru på framtida. - Vi har for det første den største hamna i Noreg rekna i tonnasje. I tillegg har vi olje-

Figur 1: Samla forventingsindeks for dei ulike regionane i Hordaland, 2011 og 2012.  
Kjelde Bedriftsundersøkinga.

forsyningbasen i den sørlege delen av industriområdet, seier Hogne Haugsdal. Rundt Mongstadbase AS har det vokse opp ei rekke oljeserviceverksemduer som leverer tenester til oljenæringa. - Blant mange av desse verksemduene ser vi eit potensial for innovasjon og vekst, seier Haugsdal.

PSW er blant verksemduene som har spesialisert seg på vedlikehald og reparasjonar av installasjonar på havbotnen. Dei klarar seg utan draghjelp frå oljeraffineriet. - Våre kundar er innan subsea- og offsho-

 - Det handlar om  
å løfte blikket og  
sjå ut over sitt eige  
nærområde.

resektoren. Vi leverer tenester til dei fleste store boreselskap, seier dagleg leiar Oddbjørn Haukøy. Selskapet har

vokse mykje sidan starten i 2007, og har i dag kring 120 tilsette. Haukøy ventar å måtte auke staben med ytterlegare 10-20 personar i løpet av 2012 for å møte etterspurnaden. Han meiner ein må trekke fleire innovative teknologibedrifter til Mongstad-området. - Det er viktig for rekrutteringa òg. Vi må utnytte dei ressursane som ligg mellom anna i TAF-ordninga, seier Haukøy.

### - Sjå til Sunnmøre

Og det blir gjort noko for å stimulere til nytenking og innovasjon. I 2011 vart industriinkubatoren Industriutvikling Vest etablert på Mongstad. - Vi skal vere ein pådriver for nyskaping og vekst, seier dagleg leiar Børge Brundtland. - Verksemduene på Mongstad har vore for fokusert på å

levere tenester lokalt. Vi treng fleire selskap som vågar å tenkje stort og som evnar å få inn investorar som kan realisere slike tankar. Brundtland trekkjer parallellar til Sunnmørsregionen som han meiner viser kva som er mogleg å få til. - Vi må få fleire selskap med nasjonale og internasjonale ambisjonar i Nordhordland og på Mongstad, seier han.

Lasse Ståløy i Radøygruppen hentar òg inspirasjon utanfrå. - Sjå på aksen Bergen - Øygarden og samanlikn denne med aksen Bergen - Mongstad, seier han. - Der den første er prega av innovasjon og nytenking, er den siste prega av tradisjonell industri og vedlikehaldsarbeid. Du veit, det nyttar ikkje å stå med hua i handa og spenne i grusen. Vi må sjå utanfor regionen og landegrensene og tenkje større.

### Regionale variasjonar

I dei siste næringsbarometra har Region Vest skilt seg ut som den mest optimistiske i Hordaland. Med eit fall i den samla forventingsindeksen på nærare 20 poeng, endar Region Vest denne gongen på linje med Sunnhordland og Bergensregionen. Det er vanskeleg å peike på enkeltfaktorar som kan forklare dette fallet. Arbeidsløysa er høgst blant regionane i Hordaland, men samstundes har talet på ledige blitt redusert med vel 18 prosent sidan same tid i fjar. Den einaste regionen som kan vise til aukande optimisme sidan same tid i fjar, er Hardanger/Midthordland som denne gongen endar på 9 poeng.



|   | Bergensregionen | Region Vest | Nordhordland | Sunnhordland | Hardanger/Midthordland |
|---|-----------------|-------------|--------------|--------------|------------------------|
| Folketal 1.1.12   | 281 488         | 59 758      | 39 582       | 62 471       | 47 271                 |
| Folketalsvekst siste 5 år                               | 6,7 %           | 8,9 %       | 6,2 %        | 4,3 %        | 1,0 %                  |
| Arbeidsløyse, mars 2012                                 | 2,1 %           | 2,4 %       | 1,5 %        | 2,2 %        | 1,9 %                  |
| Endring i talet på arbeidslause mars 2011 til mars 2012 | -16,3 %         | -18,5 %     | -14,3        | 7,2 %        | -19,3 %                |
| Konkursar sidan 1.1.11                                  | 349             | 49          | 53           | 59           | 28                     |
| Konkursar per 100 føretak                               | 1,8             | 1,5         | 2,3          | 1,5          | 0,8                    |
| Nye føretak sidan 1.1.11                                | 2992            | 490         | 283          | 492          | 299                    |
| Nye føretak per 100 føretak                             | 15,3            | 15,1        | 12,5         | 12,6         | 9,0                    |

Tabell 1: Nøkkeltal for regionane i Hordaland

# Datagrunnlag og kjelder

## **Bedriftsundersøkinga**

Næringsbarometeret for mai 2012 byggjer på data frå ei landsomfattande spørjeundersøking som vart gjennomført av NAV i mars 2012 retta mot verksemder innafor alle næringsområde. I Hordaland vart undersøkinga sendt til i alt 1 311 verksemder. 938 av desse svarte, noko som gir ein svarprosent på 71,5.

## **Forventingsindeksar**

I undersøkinga vart næringsaktørane bedd om å vurdere utsiktene for 2012 samanlikna med 2011 for ei rekke faktorar, mellom anna talet på tilsette, omsetnad, investeringar og lønsem. Vi har nyttta svara på desse spørsmåla til å rekne ut forventingsindeksar for desse faktorane. Dette er gjort ved å trekke prosentdelen som ventar reduksjon, til dømes i talet på tilsette, frå prosentdelen som ventar auke. Forventingsindeksane kan difor, i teorien, variere mellom 100 og -100. Verdiene 100 kan bli oppnådd berre om absolutt alle verksemdene ventar auke. Tilsvarande kan verdien -100 bli oppnådd berre om absolutt alle ventar reduksjon. Generelt er det slik at ein positiv forventingsindeks fortel at det er fleire verksemder som ventar auke enn som ventar reduksjon. Merk at verksemdene også kunne svare at dei ikkje venta noko endring. Desse er ikkje med i dei utrekningane som blir gjort.

## **Samla forventingsindeks**

Vi har rekna ut ein samla forventingsindeks. Denne indeksen er ganske enkelt gjennomsnittet av forventingsindeksane for tilsette, omsetnad, investeringar og lønsem. Også denne indeksen vil teoretisk kunne variere mellom 100 og -100. Det er normalt denne samla forventingsindeksen som blir nyttta i samanlikningar mellom næringar og regionar.

## **Samanlikningar over tid**

Merk at januarutgåva til næringsbarometeret byggjer på ei undersøking som er ulik den som ligg til grunn for maiutgåva. Det er difor ikkje mogleg å samanlikne endringar i forventingar mellom desse to utgåvene. Alle samanlikningar over tid i denne publikasjonen er såleis basert på maiutgåver frå dei ulike åra.

## **Foto:**

Anne Jorun Sæten

Framsida viser produksjonshallen hos RadøyGruppen

s. 3: Frode Storvik

s.11: Sea Hawk Navigation as

s.13: Marcin Gala/Orange offshore

## **Kjelder**

### **Hovudkjelder:**

Bedriftsundersøkinga for Næringsbarometeret, NAV, Statistisk Sentralbyrå

## **Samla vurdering**

NAV, Hovedtall om arbeidsmarkedet for april 2012

NAV, NNUQ4 2011 gjennomført av Perduco på oppdrag frå NAV Eures SSB, Arbeidskraftsundersøkelsene

## **Utsikter for 2012**

SSB, Konjunkturbarometer, 1. kvartal 2012

SSB, Bygge- og anleggsvirksomhet, ordrestatistikk, 4. kvartal 2011

SSB, Boligprisindeks, 1. kvartal 2012

SSB, Utenrikshandel med varer, mars 2012

## **Norsk og internasjonal økonomi**

Arbeidsdepartementet: "Grunnlaget for inntektsoppgjørene 2012".

Endelig hovedrapport fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene. Oslo 30. mars 2012.

Norges Bank: "Regionalt nettverk" 1-2012.

Norges Banks utlånsundersøkelse for 1.kvartal 2012, 25. april 2012.

NOU 2011:3 NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet. Næringslivets Hovedorganisasjon: "Økonomisk overblikk 1/2012. Utsikter for 2012-2013".

Departementenes servicesenter. Informasjonsseksjonen.

Olsen, Øystein: "The economic outlook". Speech by Governor Øystein Olsen to invited foreign embassy representatives, Norges Bank, Oslo, 12. april 2012.

Opinion Perduco (2012): "DNs konjunkturbarometer 2012 Q1".

SSB: Utenrikshandel med varer, mars 2012: [www.ssb.no/muh/](http://www.ssb.no/muh/)

SSB: Forsiktig konjunkturoppgang i 2013: [www.ssb.no/vis/emner/08/05/kt/main.html](http://www.ssb.no/vis/emner/08/05/kt/main.html)

## **Arbeidsinnvandring**

Horgen, Erik Herstad (2012): "Innvandrerandeler blant ansatte i bedrifter". Rapporter 5/2012. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Røed Larsen, Erling (2012): Pengar. Forlaget Scriptorium.

## **Lærlinger**

SSB (2012): "Elever, lærlinger og lærekandidater i videregående opplæring, etter utdanningsprogram, trinn og bostedsfylke. 1. oktober 2011. Foreløpige tall". <http://www.ssb.no/vgu/tab-2011-12-14-02.html>

Hordaland Fylkeskommune: Årsrapport frå fagopplæringskontoret i Hordaland 2011.

## **Eksport**

SSB: Konjunkturbarometeret, 1.kvartal 2012

SSB: Utenrikshandel med varer, mars 2012

Innovasjon Norge: Eksporten i mars 2012

## **Regionalt utsyn**

SSB, Befolkningsstatistikk

SSB, Registerbasert arbeidsledighet

SSB, Statistikk over opna konkursar

SSB, Statistikk over nyetablerte foretak

Partnarane bak Næringsbarometeret  
Innovasjon Norge Hordaland  
NAV Hordaland  
NHO Hordaland  
Hordaland Fylkeskommune

